



Lyd og ulyd i Slarafffenland

- med Stina og Anita



TELEMARK
fylkeskommune



OM KONSERTEN

"Lyd og ulyd i Slaraffenland" er ei konsertforestilling der musikarane Anita Kaasbøll og Stina Moltu tek publikum med til Slaraffenland. Slaraffenland er eit lydleg fantasirike der alt er mogeleg og det er lov å drøyme seg bort og la tankane fly. Her har André Bjerkes «Morovers» blitt til nyskrivne komposisjonar som flettast inn i kvarandre med vakker song, lyd og ulyd.

"Lyd og ulyd i Slaraffenland" inviterer borna inn i ein roleg musikalsk tilstand og gir rom til å lytte og undre seg over lydane, orda og historiene. Dette er ein lydverden som famnar om både det vakre og det stygge, og lydhermande element og improvisasjon har ein like naturleg plass som dei komponerte låtane.

OM UTØVARANE

Anita Kaasbøll er vokalist, musikar og komponist utdanna ved Jazzlinja i Trondheim. Ho er kjend frå rockebandet Bladed og syng i det banebrytande, improviserande vokalensemplet Trondheim Voices. Ho underviser i jazz-song ved Universitetet i Stavanger, og har samarbeidd med bl.a. Susanna Wallumrød og Jenny Hval, Trondheim Jazzorkester og Oslo Sinfonietta.

Stina Moltu er òg vokalist, musikar og komponist utdanna ved Jazzlinja i Trondheim. Stina er mest kjend under namnet Stina Stjern som har utgitt albuma «Days like Waves» (2011) og «Kap Herschell» (2018). Stina er ein del av Susanna Wallumrøds prosjekt «The Brotherhood of our lady» som framførte tingingsverket «Garden of Earthly Delights» på Vossajazz 2017.

PRAKTISKE KONSERTFØREBUINGAR

- Musikarane kjem til barnehagen ca. 1 time før konserten og har behov for å køyre inn på gårdspllassen, så nær inngangen som mogeleg. Opplegg ca 45 min, nedlegg ca 15 min.
- Lokalet som skal brukast må vere tilgjengeleg, rydda og klargjort til konsert når dei kjem. Borna kan sitje på matter på gulvet, eller som i eit amfi med matter fremst, og benkar/stolar/bord bakover. Musikarane treng ca 3x3m gulvpass til "scene".
- Musikarane ber om å få låne 3 puter av barnehagen til bruk under konserten.
- Konserten varer ca 25-30 minutt og er i utgangspunktet produsert for born i alderen 3-6 år, men yngre born er òg velkomne. Dersom ein ynskjer å ta med born yngre enn målgruppa, er det best at dei sit bakerst, nær ein utgang, slik at dei forstyrrar minst mogleg om dei har behov for å gå ut av lokalet.
- Barn som er ekstra kjenslege for lydar bør sitje saman med ein voksen.





KORLEIS STYRKE KONSERTOPPLEVINGA

Førebuing

- Barnehagen får tilsendt ei postkorthelsing frå musikarane til alle borna som kjem på konsert. Postkorta skal delast ut til borna nokre dagar før konserten. På den måten skapar vi forventningar til konserten, og ein bevissthet om konserten både heime og i barnehagen. Det blir òg lettare for musikarane å skape kontakt med borna om "visittkortet" har fram.
- Lese André Bjerkes morovers og øve på "Runde Rare Rulle Rusk"
- Øv på korleis ein kan lage vindlydar

Forslag til etterarbeid

- Snakke om konserten, om musikken og handlinga.
- No eit du korleis Anita og Stinas Slaraffenland høyrest ut, men korleis trur du det ser ut? Prøv å illustrere Slaraffenland med fargar og med ulike materiale og teknikkar.
- Lese fleire vers og rim for born, og dramatisér dei. Kva slags rørsler og lydar kan brukast til å underbyggje stemninga eller handlinga i versa?

Det er ynskjeleg at borna har øvd på «Runde Rare Rulle Rusk» i forkant:

Runde, rare Rulle Rusk
rapset rips på Ipsens busk.
Ipsen kom og skulle plukke
rips til rørte rips på krukke.
Ned i krukken raspet Ipsen
Rulle som en rips blant ripsen.
Rund og rød som ripsen selv
ble han syltet samme kveld.

- fra André Bjerkes «Morovers»

God konsert!

Venleg helsing Rønnaug Flatin
Telemark fylkeskommune, team kultur
Tlf: 91 86 23 63 / E-post: Ronnaug.flatin@t-fk.no

**Runde, rare Rulle Rusk
rapset rips på Ipsens busk.**

**Ipsen kom og skulle plukke
rips til rørte rips på krukke.**

**Ned i krukken raspet Ipsen
Rulle som en rips blant ripsen.**

**Rund og rød som ripsen selv
ble han syltet samme kveld.**

- frå André Bjerkes «Morovers»

